



Turleiar Bjørn Olav Tveit klar for turen saman med deltakarane Ove Røssland frå Rosendal, Siv Birgitte Solberg Hovland og Helene Ødven frå Sandviken i Bergen før starten frå Uskedalen. Målet skimtaast i det fjerne.

Fleire enn 3 møtte ikkje fram då Bjørn Olav Tveit i dag tidleg stilte opp ved grano for å vera leiar for fjellsportgruppa sin tur til toppen av Geitadalstind, som kunne avviklast i strålande ver.

Men han hadde eigentleg ikkje venta fleire heller, for dette er første gongen det vert arrangert ein organisert tur i turlaget sin regi frå Uskedal-sida. Med andre ord er det eit pionertiltak.

Gruppa hadde kalkstasjonen som utgangspunkt og måtte bera skiene opp på Låganåso før dei kunne spennast på og la fellane hjelpe seg mot toppen. Turleiaren rekna med ei oppstigingstid på 2 1/2 time. For nedfarten var det framleis tilstrekkeleg med snø, meinte han.

2 av sprekingane var frå Kvinherad men den tredje kom heilt frå Sandviken i Bergen. Helene Ødven er dagleg leiar i turlaget heime og tykte Nåso var eit spennande turmål då ho var til Fjellandsbø med lokallagsleiar Anne Kari Enes som guide for stutt tid sidan. Og ho nølte altså ikkje med å testa det ut sjølv.

Men det var slett ikkje berre desse 4 som i føremiddag hadde kursen mot Nåso-toppen frå Uskedalsida. Folk med kikkert kunne observera rundt regna 20 sprekingar som var på veg mot det same mål. Kanskje blir det etter kvart ein klassikar å ta ein Nåså-tur opp frå bygda på vårparten.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen